



Rektor ved Sæbø skule

Tildeling av skulen sine ressursar for skuleåret 2019/2020.

Sæbø skule får tildelt desse ressursane for neste skuleår.

Tal årsverk leiing	1,40	Merknad: +15% som er henta av teamleiarressursen. Totalt 155 %
Tal årsverk merkantil	0,5	Uendra
Tal årsverk lærar	13,45	Reduksjon på 0,33 årsverk
Herav tidleg innsats/lærarnorm	0,5	Som tidlegare

1 årsverk fagarbeidar/ assistent tilvarar 0,72 årsverk lærar.

Skulen må difor sjå til at der er ein buffer til ekstratiltak og behov for tidleg innsats og spesialundervisning som kan kome til i løpet av skuleåret.

Gjersteelevar er ikkje med i tildelinga. Drift til kantine er ikkje med i tildelinga. Midlar som tidlegare er tildelt til dette fell bort. Dette ut frå likeverdighetstanken og at samanliknbare skular i Alver kommune ikkje har denne typen «særressursar».

Tildelinga er gjort ut frå likeverdige prinsipp på tvers av skulane. Dette tek for seg tal klassar, språkdelling, nedsett undervisningstid til AT/VO og seniortiltak, omfattande spesialundervisning, timar til særskild språkopplæring (190 årstimar pr gruppe på 5 elevar), samt ein grunnressurs til fordeling på skulen internt.

Vidare finansiering av tidleg innsatsmidlar vert først klargjort i samband med statsbudsjettet i haust. Midlar til tidleg innsats og lærarnorm frå januar 2020 vert justert til årsskifte i tråd med statlege prioriteringar. Ver difor budd på at dette kan verte justert.

Helsing

Olaf M Hella

Kommunalsjef for oppvekst